

MØTEPROTOKOLL

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 16 / 2017 Sak til: 23 / 2017	Onsdag 22 mars 2017	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.
Frammøtte: 7 av 7 medlemer.		

Til stades

Medlemer: Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland, Solfrid Kongshaug Aase, Einy Daviknes, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.
Varamedlemer:
Meldte forfall:

Administrasjonen: Geir Viksund og Håkon Andersen.

Andre frammøtte:

Sak / år:

16/2017: Møteprotokoll frå møte 15 februar vart godkjent.

17/ 2017: Meldinger:

Takkebrev frå Evangeliesenteret.

18/ 2017: Gudstjenesteliste:

15/02: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

19/02: kl. 11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer til Bibelselskapet. Tenn lys- faste for førskuleborn og utdeling av 6 årsbok. Ansvarleg: Team 3.

05/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Micael Møgster. Dåp. Offer: Haraldsplass samtalesenter. Ansvarleg: Team 4.

15/03: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

15/03: **kl.19.00:** Fastegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Team 1.

19/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Peter Johansen. Dåp. Offer: Diakonalt arbeid. Ansvarleg: Team 2.

.....
02/04: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland , Janniche M. Hana og regionskonsulent Gunnar Kartveit.. Nattverd. Offer: Kirkens nødhjelp. Ansvarleg: Team 3. Kyrkjelydens årsmøte etter gudstenesta.

13/04: **kl. 18.00:** Nattverdsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Skjærtorsdag. Offer: Kirkens bymisjon. Ansvarleg: Team 4.

16/04: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. 1. påskedag. Dåp. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Ansvarleg: Team 1.

30/04: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: YA Treet.
Ansvarleg: Team 2

19/04: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

19/ 2017 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

Etter nattverdsgudstenesta på Skjærtorsdag, vert det kvelds i kyrkjelydshuset.

1 Påskedag: Vi skaffar påskeliljer som vi kan bera inn ved inngangsprosesjonen, og dele ut etterpå. Så kan vi gå ut å synge til avslutning.

Det er ynskje om å få Gunvor Kristensen til å syngja. Vi har ikkje kyrkjekaffi den dagen.

20/2017: Herdla kyrkjelydshus:

Geir og Håkon var med på møtet. Vi fekk verdi og lånetakst på huset frå 2012. Der framgår det at bygningen bør totalrenoverast innan rimeleg tid. Kostnadane til dette vil verta svært høge og vi må vurderer evt. riving og nybygging. Etter dagens krav, vil det verte store kostnadar uansett.

Først må det avklarast med kommunen om rammebetingelsene for bygget, spesielt festeavgifta.

Det vart foreslått riving og brakkeløysing.

Ein annan ide var å leige gamle Herdla museum. Håkon spør Morten Bjørnstad om dette. Det må i så fall utbedrast til vårt behov.

21/ 2017: Årsmøtesaker/ rekneskap/ budsjett:

Vi gjekk gjennom sakene til årsmøtet 2 april og rekneskapsoversikten.

22/ 2017: Fasteaksjonen 4 april 2017:

Det meste er klart til aksjonen. Bøsser er laga til og fordelt etter område. Vi har fått med både foreldre og andre, både til å vere bøssebærere, sjåførar og kontaktpersoner. Lister og anna informasjon vert sendt til konfirmantane i god tid. Plakatar vert sett opp og vi lagar til i kyrkjelydshuset som tidlegare år.

23/ 2017: Eventuelt:

- Pianoet i kyrkjelydshuset er i dårleg stand og ikkje anbefalt å stemme. Vedtak: Vi går inn for å kjøpa nytt piano og Kjellaug tek kontakt med Janniche om det.
- Fellestrådet har fått godkjenning vedr. fjerning av benker i kyrkja. Det vert teke fatt på arbeidet med å få tilbud på bord og stolar og søkja desse godkjent. Det gjeld også tilgjengelighet for rullestoler til alterpartiet. Arbeidet får ikkje full prioritet før etter at Tveit kyrkje er opna.

Neste møte vert onsdag 19 april kl.19.00.

S. Herdla 5 april 2017.

Reidun Håpoldøy.

Referent.